

# **Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024**

**Formannskapets innstilling**

Vedteke 10. november 2020 i sak 58/20

<b>1. KOMMUNEDIREKTØRENS INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2. INNLEIING .....</b>	<b>7</b>
2.1. DEMOGRAFISK UTVIKLING .....	7
2.2. HELSETILSTANDEN I BEFOLKNINGA.....	8
<b>3. MÅL OG SATSINGAR .....</b>	<b>8</b>
3.1. PLANSTRATEGI OG PLANOPPGÅVER.....	8
3.2. BEREDSKAP .....	9
3.3. TEKNISKE TENESTER.....	10
3.3.1. <i>Eigedom .....</i>	10
3.3.2. <i>Flom og ras.....</i>	10
3.3.3. <i>VARS (Vatn, avlaup, renovasjon og septik).....</i>	10
3.3.4. <i>Interkommunale samarbeid.....</i>	10
3.4. HELSE OG MEISTRING .....	11
3.4.1. <i>Demografiske føresetnader .....</i>	11
3.4.2. <i>Helse- og omsorgsprosjektet.....</i>	12
3.4.3. <i>Fleksibilitet og samhandling på tvers av tenestene .....</i>	12
3.4.4. <i>Interkommunalt helsesamarbeid.....</i>	13
3.5. BARNEHAGE, UTDANNING OG KULTUR .....	13
3.5.1. <i>Førebyggjande arbeid blant barn og unge .....</i>	14
3.5.2. <i>Flyktning som ressurs – fokus på godt integreringsarbeid .....</i>	15
3.5.3. <i>Galleri Ullinsvin og «Munch — den nordlige rute» .....</i>	15
3.5.4. <i>Frivillig innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet.....</i>	16
3.6. TYDELEG OG RETT INFORMASJON UT TIL KOMMUNEN SINE INNBYGGJARAR .....	16
3.7. BREIBAND .....	16
3.8. VÅGÅ KYRKJELEGE FELLESRÅD.....	16
<b>4. DEI TILSETTE , VÅR VIKTIGASTE RESSURS .....</b>	<b>17</b>
4.1. REKRUTTERE OG BEHALDE KOMPETANSE.....	17
4.2. LIKESTILLING .....	17
4.3. FOKUS PÅ NÆRVÆRARBEID .....	17
<b>5. ØKONOMI.....</b>	<b>18</b>
5.1. HANDLINGSREGLAR FOR VÅGÅ KOMMUNE.....	18
5.2. OVERSIKT OVER NETTO DRIFTSRESULTAT KORRIGERT FOR PREMIEAVVIK OG BUNDNE FOND .....	19
5.3. NETTO DRIFTSRESULTAT — AUKA HANDLEFRIDOM .....	19
5.4. REKNESKAPSFØRING AV PENSJON.....	19
5.4.1. <i>Rekneskapsføring av pensjon SPK.....</i>	20
5.4.2. <i>Rekneskapsføring av pensjon KLP.....</i>	20
5.5. LÅNEGJELD .....	20
<b>6. DRIFTSBUDSJETT .....</b>	<b>22</b>
6.1. FRIE INNTEKTER.....	22
6.2. NETTO DRIFTSRAMMER I ØKONOMIPLANPERIODEN.....	22
<b>7. INVESTERINGSBUDSJETT .....</b>	<b>23</b>
7.1. INVESTERINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN .....	23
7.2. FINANSIERING AV INVESTERINGANE .....	24

7.3. KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSBUDSJETTET .....	24
<b>8. EIGEDOMSSKATT .....</b>	<b>29</b>
<b>9. NÆRINGS- OG LANDBRUKSFOND.....</b>	<b>29</b>
<b>VEDLEGG 1 – ORGANISASJONSKART .....</b>	<b>31</b>
<b>VEDLEGG 2 – GRUNNLAG REKNEARKMODELL .....</b>	<b>32</b>
<i>Hovudoversikt.....</i>	32
<i>Område kommunedirektør.....</i>	33
<i>Område barnehage, utdanning og kultur.....</i>	34
<i>Område helse og meistring .....</i>	35
<i>Område teknisk og beredskap.....</i>	36
<i>Område interkommunale samarbeid der Vågå er medlemskommune .....</i>	37
<i>Frie inntekter .....</i>	38
<i>Finans .....</i>	39
<i>Investeringsoversikt.....</i>	40
<b>VEDLEGG 3 – HOVUDOVERSIKTER .....</b>	<b>41</b>
<i>ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT .....</i>	41
<i>ANVENDELSE OG ANSKAFFELSE AV MIDLER .....</i>	42
<i>BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT .....</i>	43
<i>BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT – DEL B .....</i>	44
<i>BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING .....</i>	44

# ØKONOMIPLAN 2021 – 2024

---

## 1. KOMMUNEDIREKTØRENS INNLEIING

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ei rullering av økonomiplanen. Den skal omfatte minst dei fire neste budsjettåra. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen sin verksemd. Målsettinga er å gje ei god oversikt over situasjonen med moglegheiter og utfordringar, samt tydelege mål for det vidare arbeidet. Det er eit krav at årsbudsjettet skal vere i balanse. Den skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i økonomiplanperioden. Kommunestyret skal innan årsskiftet vedta eit budsjett for komande kalenderår. I tillegg til drift i eigen regi, inkluderer Vågå kommune sitt budsjett og utgifter til drift som skjer i regi av andre kommunar.

Fyrste året i økonomiplanen er årsbudsjett for 2021. Økonomiplanen blir revidert i tråd med dei føresetnader og vedtak som blir gjort.

Kommunedirektøren meiner at året som kjem må byggje vidare på grunnanken i økonomiplanen for 2020 - 2023. Ein må sjå på organisering og drift av kommunen sitt tenestetilbod på alle område. Innovasjon og omstilling skal vere sentrale omgrep. I arbeidet med å tilpasse seg framtidas rammevilkår må vi sette av tid og ressursar framover for å sikre medverknad og gode prosessar i omstillingsarbeidet. Og vere på same lag er nødvendig når framtidas bilete skal lagast.

Vågå kommune gjev gode tenester til innbyggjarane sine i dag, men det vil bli meir krevjande i åra framover. Kommunedirektøren er av den oppfatning at vi må bli enda tydelegare på prioriteringar, og ta nødvendige grep for å halde oppe kvaliteten på tenestetilboden til innbyggjarane. Presset på kommuneøkonomien kjem ikkje til å bli redusert. Arbeidspresset på dei tilsette er stor, og i framtida må ein arbeide på måtar som gjev meir for pengane slik at det på sikt gjev gevinstrealisering.

Kommunedirektøren har gjennomført leiarutdanning for alle tenesteområde i 2020 for å investere i den viktigaste ressursen vi har – dei tilsette.

Med utbrot av koronapandemien og vidare gjennom handteringa av ein felles beredskapsplan for handtering av smitta pasientar, blir vi stadig minna på at Vågå er ein del av verda.

Kommunedirektøren meiner dette er med å understreke kor viktig det er med gode regionale tenester og kor nødvendig det er med sterke regionale helsetenester som samarbeider godt. Vi må difor stå saman med våre naboar om å utvikle dei regionale tenestetilboda knytt til NGLMS. Ein rapport frå 2017 tek for seg utgreiling av spesialisthelsetenestetilboden i regionen. Rapporten peikar på fleire interessante moglegheiter for framtidige tenester, og Vågå kommune ønskjer å vera aktive for at slike utgreningar blir følgt opp. Kommunedirektøren har i budsjettet lagt til grunn at Koronarelaterte utgifter blir dekt av ekstraordinære statlege midlar.

NGI har på bestilling frå Vågå kommune gjennomført ei ny utgreiing av flomskredfaren frå Finna. Denne viste at det var mogleg å endre faresonekartet i Vågåmo sentrum slik at eit større areal av sentrum kom utanfor faresona. Arbeidet vart avslutta hausten 2020. Konklusjonen på utgreiinga er gledeleg men det er framleis store utfordringar med å utvikle Vågåmo sentrum. NVE skal no i gang

med å utarbeide konkurransegrunnlag for eit moglegheitsstudium der aktuelle metodar for flomsikring av Finna blir vurdert. Dette arbeidet skal vere ferdig fyrste halvår 2021.

Vågå kommune er inne i ein prosess kor ein har starta ei retningsendring med dreing av ressursar frå institusjon til heimebasert meistring, der vi i større grad skal drive helsefremjande og førebyggjande tiltak, slik at innbyggjarane kan bu heime lengst mogleg. Kommunedirektøren legg difor fram eit budsjett og ein økonomiplan som legg opp til store, men nødvendige investeringar. Folketalsframskriving syner at det vil bli stadig fleire eldre, og fødselstala er minkande. Tilpassing til ny omsorgstrapp med målsetting om at fleire eldre skal få bu heime lengst mogleg er eit arbeid som kontinuerleg held fram. Kommunedirektøren er glad for at vi nå igjen har fått god framdrift i Helse- og omsorgsprosjektet og at dei riktige vurderingane no er gjort med tanke på dei store investeringskostnadane kommunen må ta.

Vidare har kommunedirektøren lagt inn rehabilitering av symjehallen i 2021. Kommunestyret har ved fleire høve etterlyst framdrift, og ny kartlegging av flomskredfare syner nå at det mogleg å realisere symjehallen. Kommunedirektøren meiner at samla investeringar ikkje i for stor grad går utover handlingsrommet til kommunen i åra framover. Vi må likevel være førebudd på auka finansutgifter i åra 2023 og 2024, grunna forskotering av Husbanktilskot knytt til helse og meistringsprosjektet.

Kommunane ved Regionrådet har inngått forpliktande samarbeidsavtaler med NTNU og Innlandet fylkeskommune. Prosjektet finansierast av fondsmidlar i regionsamarbeidet, tilskot frå fylkeskommunen og med eigeninnsats frå NTNU, KS Innlandet og Helse Inn. Prosjektperioden går fram til og med 2023. I denne perioden skal det kvart år startast 24 delprosjekt og direkte eller indirekte skapast 300 nye arbeidsplassar i offentleg og privat sektor. Samla skal dette bidra til å skape kultur for nyskaping og styrke evna og vilja til omstilling i kommunen og lokalsamfunnet. For å lykkast, er det ein føresetnad at innovasjons- og endringsarbeidet er forankre i førstelina i den kommunale organisasjonen, og med synlig støtte frå politisk og administrativ leiing. Regionale prosjekt som allereie er i gang er velferdsteknologiprosjektet og bruk av smart teknologi gjennom beredskap flaum. Universitetsprosjektet er organisert gjennom regionrådet.

Galleri Ullinsvin vart offisielt opna i september 2019. Sommaren 2020 var fyrste reelle driftsåret og vi kan sjå attende på ein svært vellykka sommarsesong med besøkstal og kunstsal som oversteig all forventning! Framover er det viktig å oppretthalde høg kvalitet på utstillingane for å halde oppe og helst auke besøkstala. Kommunedirektøren ønskjer at Ullinsvin skal vere ein møteplass for innbyggjarane i Vågå, og det er difor viktig at utstillingar og aktivitetar og har lokal forankring for å skape interesse og eigarskap. Eit godt samarbeid med Vågå historielag, Gudbrandsdalsmusea og friviljuge lag og foreiningar er difor vesentlege suksessfaktorar.

Eit lokalt kultursenter som Ullinsvin er eit stort aktivum for kommunen og bidreg til å auke attraktiviteten både som turistdestinasjon og som busettingskommune. Slik kulturbasert næringsutvikling har ein betydeleg synergieffekt for lokalt næringsliv og bidreg til auka aktivitet og etterspurnad etter varer og tenester i heile kommunen.

Kommunedirektøren meiner at ein framover må ha to overordna hovudfokus. Ein må arbeide systematisk med tilflytting, tilrettelegging for næringsutvikling og marknadsføre det unike som våre lokalsamfunn har å by på, men ein må også tilpasse seg endringar i demografien. Det betyr at Vågå kommune må ta innover seg at befolkningssamansetninga endrar seg naturleg.

Kommunedirektøren vil i økonomiplanperioden fortsett arbeide for at politikarane og administrasjonen har ei felles forståing av utfordringane og handlingsrommet Vågå kommune har, slik at ein framleis kan halde fram med å gå i takt.


Vågå 3. 11. 2020

  
Jan-Egil Fossmo  
Kommunedirektør

## 2. INNLEIING

Ei av dei største utfordringane for distriktskommunane, Vågå inkludert, er den negative befolkningsutviklinga og demografi. Vi blir stadig fleire eldre og færre unge. Vågå Kommune har hatt positiv nettotilflytting i fleire år, men dei siste åra har trenden snudd. Vågå kommune må arbeide målretta og gjennomføre tiltak for å stå fram som attraktiv for tilflyttarar og arbeide med eit nettverk rundt dei som har flytta hit slik at dei blir værande. Det er også viktig at kommunen tek innover seg og tilpassar aktivitet og tenestetilbod til den befolkninga ein til ein kvar tid har. Det er gjennomført tiltak både i kommunal regi og via regionen, der mellom anna 200 ledige hus og stillingslepp er tilgjengelige. Det er gledeleg at næringsavdelingane i kvar kommune samarbeider med målsetjing om å stabilisere folketalsnedgang og auka attraktiviteten i Nord-Gudbrandsdalen.

### 2.1.Demografisk utvikling



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
0 - åringar	29	27	27	27	27	25
Barnehage (1-5 år)	143	139	136	145	142	135
Grunnskole (6-15 år)	417	351	290	288	290	297
Videregående (16-19 år)	179	166	156	118	116	116
Voksne (20-66 år)	2 029	1 872	1 774	1 683	1 582	1 498
Eldre (67-79 år)	545	571	567	574	574	568
Eldre (80-89 år)	186	224	280	293	304	321
Eldre (90 år og eldre)	42	40	50	65	87	96
<b>Total</b>	<b>3 570</b>	<b>3 390</b>	<b>3 280</b>	<b>3 193</b>	<b>3 122</b>	<b>3 056</b>

SSB si folketalsprognose for middels nasjonal vekst

## **2.2.Helsetilstanden i befolkninga**

Vågå kommune er eit Trygt lokalsamfunn og ein trafikksikker kommune, med fokus på førebygging av skader og ulykker. Gjennom ny folkehelselov er kommunen pålagt å drive helseovervaking, samt følgje med på negative og positive faktorar som kan verke inn. Særleg merksame skal vi vera på utviklingstrekk som kan skape eller behalde sosiale helseforskellar. Satsingsområda i ny folkehelsemelding 2019 er:

- \* Førebyggje sosial ulikheit barn og unge
- \* Innvandrarar og funksjonshemma
- \* Legge til rette for friluftsliv og aktivitet i nærmiljøet
- \* Førebyggje einsemd, særleg blant eldre og barn og unge

## **3. MÅL OG SATSINGAR**

### **3.1.Planstrategi og planoppgåver**

Innan eitt år etter konstituering skal kommunestyret vedta ny kommunal planstrategi som skal vere eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i planperioden for å møte kommunen sitt behov. I arbeidet med planstrategien skal mellom anna kommunestyret prioritere kva for planar som skal reviderast og eventuelt utarbeidast. Forslag til kommunal planstrategi har vore ute til høyring og planstrategien skal vedtakast i kommunestyret i november 2020. I samarbeid med utarbeiding av planstrategien er det vedteke følgjande punkt, i sak 38/20 behandla i kommunestyret 23.06.2020, som vil ha avgjerd for kommunen sin økonomi i 2021:

- Kommunestyret sitt vedtak av 26.10.2017, sak 72/17, med avklaring i forhold til kommunal planstrategi 2016-2020 ved prioritering av reguleringsplanarbeid for Brustuguområdet blir utsett i påvente av at situasjonen rundt ras og flaum er utreda.
- Areal som er avsett til framtidig næringsareal på Lalm i kommuneplanens arealdel 2017-2027, er mogleg ikkje realiserbare fordi det vil bli for kostbart å opparbeide tomtene dersom ein må bygge skredvoll/steinspranggjerde, sette av verneskog i reguleringsplan, kjøpe grunn til skredvoll og sjølve næringstomtene. Vågå kommune må difor bestille skredfagleg utgreiing av kva det vil koste å sikre framtidig areal som er avsett til næring på Kolbotten. Vågå kommune må parallelt med denne utgreiinga starte arbeidet med å sjå på om det er mogleg å finne anna næringsareal innanfor kommunen som ikkje ligg innafor faresone for ras- og skreditsette område. Det kan også vere aktuelt å samarbeide med Sel kommune.
- Innanfor eksisterande næringsområde, både på Lalm og i Vågåmo er det næringsareal som ikkje er i bruk. Dette er areal som er i privat eige. Det bør arbeidast med å utnytte eksisterande næringsareal betre og kommunen bør gå i dialog med grunneigarar for å få utnytta desse areala betre. Det kan eventuelt vere aktuelt å gå i dialog med tanke på mogleg oppkjøp av tomter. Dette kan vere ein billigare måte å få tak i næringstomter på enn å starte regulering av nye tomter i ras og skreditsette område. Vågå kommune bør starte med dette utredningsarbeidet.
- Vågå kommune bør også sjå nærmare på om det er mogleg å finne sentrumsnært areal som kan vere egna for bustader.

- Dersom det er mogleg å finne nye areal for sentrumsnære bustader og areal for næring må kommuneplanens arealdel 2017-2027 reviderast. Det må leggast opp til ei avgrensa revidering som berre tek for seg næringsareal og sentrumsnært bustadareal for å sikre ein rask revisjonsprosess.

For å følgje opp vedteken planstrategi er det avsett midlar til realisering av føremåla i planstrategien.

Formannskapet behandla forslag til planstrategi i møtet 22.09.2020 sak 38/20 der det vart vedteke å utarbeide ein plan for kultur og ein plan for frivillighet og livslang læring i løpet av dei neste fire åra.

Prosessen med revisjon av kommunedelplan for klima og energi held fram inn i dei neste fire åra. Det er lagt opp til eit samarbeid med dei andre kommunane i norddalen.

Utarbeiding av bustadsosial plan for Vågå kommune held fram inn i 2021. Denne planen må bli sett i samanheng med Helse- og omsorgsprosjektet.

Kommunedirektøren vil framover arbeide for klarere styringsliner tufta på vedtekne planar.

### 3.2.Beredskap

Kommunane utgjer fundamentet i samfunnet sin kriseberedskap ut frå prinsippet om at alle kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Kommunane har beredskapsplikt jf. sivilbeskyttelsesloven og pliktar å utarbeide risiko- og sårbarheitsanalyse.

Risiko- og sårbarheitsanalysa kartlegg kva uønskte hendingar som kan inntrefte i kommunen, vurderer sannsynlegheit for at hendingane kan kome til å skje og konsekvensar av desse. Det skal vurderast førebyggjande tiltak for å hindre at uønskte hendingar skjer og konsekvensreduserande tiltak om / når slike hendingar skjer.

Vågå kommune har overordna beredskapsplan som inneholder ei oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønskte hendingar. Beredskapsplanen blir meir eller mindre kontinuerleg oppdatert, og kommunen gjennomfører beredskapsøving i tråd med Fylkesmannen sitt oppsett. Ut over dette har vi årleg møte i Beredskapsrådet og i den kommunale kriseleninga.

I Vågå kommune har vi overordna risiko- og sårbarheitsanalysar (interkommunal ROS) og overordna kommunal beredskapsplan. I tillegg er det planar på dei forskjellige tenesteområda. Erfaringar vi har gjort gjennom Covid-19 pandemien i 2020, understrekar viktigheten med gode planverk.

Vågå kommune og Nord-Gudbrandsdalen har stort sett vore skåna for koronasmitte så langt, men smittetala nasjonalt og internasjonalt er aukande. Det er framleis uklart kor tid det europeiske helsesamarbeidet vil godkjenne ei vaksine. Det er regjeringa etter tilråding frå FHI som fastsett prioriteringa av kven som skal få vaksine når den er klar.

Vågå kommune må difor vera førebudd på at vi må videreføre smitteverntiltak inn i det nye året, og ta høgde for at vi har ein pandemi som ikkje vil gå over med det fyrste. Dette inneber både regional og lokal beredskapsplan og ROS-analysar om korleis vi skal opptre ved ulike formar for utvikling. Vi må vera førebudd på at Vågå vil få meir smitte og må difor heile tida vera i beredskap og syte for god informasjonsflyt i organisasjonen etterkvart som føresetnadene blir endra.

### **3.3.Tekniske tenester**

#### **3.3.1. Egedom**

Vågå kommune sin bygningsmasse har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, noko som gjev eit stort behov for kommande investeringar og rehabiliteringar. Dette gjeld både formålsbygg og andre kommunale bygningar.

Eit best mogleg drift og vedlikehald av bygningsmassa krev utskifting og modernisering av tekniske anlegg og kompetanse innan drift. I tillegg kjem anna naudsynt vedlikehald. Det er også viktig for å halde seg innan gjeldande lovkrav på brann, innemiljø med meir.

I eit forsøk på å unngå unødvendig og uheldig slitasje på dei kommunale bustadane har egedomsavdelinga kjørt i gang utprøving av buvegleiar. Buvegleiareni oppgåve vil være å veglede leietakarane slik at bustadane ikkje forfall unødvendig.

Kommunedirektøren ser behov og moglegheiter for fleire Enøk-tiltak på dei større kommunale bygningane, og har difor lagt inn behov for investeringar på dette området. Enøk-tiltaka vil føre til meir framtidsretta bygg, og vil føre til vesentlege mindre driftsutgifter på energisida.

Vaktmeisterteamet og sysselsettingsgruppa yter også hjelp til kyrkja, flyktingtenesta og til ulike kulturaktivitetar. Hjelp til kyrkja dreiar seg mest om graving av graver, stell av grøntareal m.m. Dette arbeidet er på om lag 1.000 arbeidstimar i løpet på årsbasis. Vaktmeistertenesta bør styrkast for å ivareta det stadig aukande vedlikehaldsetterslepet.

#### **3.3.2. Flom og ras**

Soner skred- og flomfare er ressurskrevjande for kommunen og har store konsekvensar for planavklaring av ny arealbruk. Oppfølging av krav til planlegging og bygging i aktsemdområde og ulike faresoner for flom og skred er ressurskrevjande. Vidare oppfølging knytt til Finna vil i denne samanheng vere ei viktig og utfordrande sak framover. Auka fokus på risiko og sårbarheit knytt til klimaendringane set større krav til utgreiingar og dokumentasjon i arealplanlegginga og krev ut frå dette meir ressursar. Integrering av klimaomsyn og fokus på klimatilpassing i alle delar av kommunen si planlegging vil få eit enda sterkare fokus framover.

#### **3.3.3. VARS (Vatn, avlaup, renovasjon og septik)**

Oppfølging av tiltaksplan for Vågåmo sentrum vil halde fram. Det er lagt inn i investeringsbudsjettet behov for gjennomføring av planlagt oppgradering av VA-nettet i Øvre Langskåre. Dette er ei vidareføring av arbeidet som er utført i Nedre Langskåre.

Fylkesmannen Innlandet har stilt krav til meir innandørs areal til lagring av diverse avfallstyper på Miljøstasjonen. Vidare er det behov for asfaltering av området for lagring av trevirke, for at det ikkje skal blande seg inn stein og grus ved kverning av trevirket. Tiltaka er lagt inn i investeringsbudsjettet.

#### **3.3.4. Interkommunale samarbeid**

Samarbeid på brann har vore eit mykje omtala tema dei siste åra. Det har vore utgreia forskjellige modellar om samarbeid i regionen ved fleire høve. I oktober 2020 vart det inngått avtale med Sel kommune om sal av brannsjef og leiar førebyggande. Dette utgjær til saman 60% stilling. I tillegg til dette har Vågå kommune seld feiartenestar til Sel kommune frå Mai 2020. Kommunedirektøren ser

på dette som fyrste steg i arbeidet med å få til eit felles brannvesen for Vågå saman med Sel kommune.

Sel, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk har frå 2014 samarbeidd om tilsynsteneste i byggesaker. Sel kommune har sagt opp sin del av avtalen, og er ikkje ein del av samarbeidet på dette området frå 01.12.2020. Lesja kommune har bede om å få bli med frå og med 2021, noko Vågå kommune har stilt seg positive til. Vågå kommune er vertskommune.


Sal av 40% stilling til kart- og oppmålingsteneste til Skjåk kommune blir vidareført i 2021.

Landbrukskontoret for Sel og Vågå omfattar skogbruk i Sel og Vågå, jordbruk i Sel og Vågå, klinisk veterinærkvert for Sel og Vågå, landbruksvikarteneste for Sel og Vågå. Totalt har kontoret 4,5 årsverk netto med Vågå som vertskommune. Kommunestyret har vedteke ny landbruksplan. Det er utarbeidd ein omfattande handlingsplan med målsetting om 1 % auke i landbruksproduksjonen pr. år. 2034 er slutt dato for produksjon av mjølk i båsfjøs. Om lag halvparten av mjølka i Sel og Vågå blir produsert i båsfjøs i dag. Det må leggjast ned ein stor innsats både frå landbrukskontoret og næringa sjølv for å klare denne overgangen, slik at ein kan halde oppe mjølkeproduksjonen på dagens nivå. Også jordbruket må bli klimanøytralt på sikt. Det vil omhandle alle delar av produksjonen. Dette vil krevje omfattande omstilling og er omhandla i nyleg vedteke landbruksplan.

### 3.4. Helse og meistring

#### 3.4.1. Demografiske føresetnader

Demografioversikta for Vågå kommune viser at det er nødvendig med ei dreiling og omprioritering av ressursar frå barn og unge mot helse- og omsorgstenester for vaksne, for å klare å ivareta kommunen sine nye oppgåver og ansvar som følgje av samhandlingsreforma.



Kilde: KS-modell for anslag av demografikostander for Vågå kommune. Standard er SSB – MMMM alternativet.

### **3.4.2. Helse- og omsorgsprosjektet**

Omstilling av tenestetilbodet er eit kontinuerlig arbeid i Vågå kommune. Tross at vi i 2020 har vorte utfordra på nye område gjennom den pågående koronapandemien har det vore gjort mykje godt arbeid for å halde framdrift i Helse- og omsorgsprosjektet. Planlegging og iverksetting av vedtekne tiltak har kravd mykje detaljert planlegging, og det har vore mange involverte i framdrifta. Vågå kommune held fast ved tidlegare vurderingar og nasjonale føringer for å møte dei framtidige demografiske endringane. Det ligg heile tida i botn at vi skal ha ein omsorg som gjer at våre innbyggjarar skal kunne vera meir sjølvstendige og ta større styring for eige liv, og for at fleire skal bu heime lengst mogleg. Det er eit overordna prinsipp at kvar enkelt er ansvarleg for eige livsopphald, og Vågå kommune vil gjennomføre ei eldreomsorg som gjer det mogleg for fleire å greie dette lengre. Det stiller store krav til både tilsette og leiing der vi må tenkje nytt og vera villige til å gjennomføre planlagt endringsarbeid og sørge for gjennomføringskraft for vedtak som er fatta. I dette ligg det og at vi reduserer plassar som blir definerte som langtids institusjonsplassar og at vi styrker heimetenesta. Heimetenesta og sjukeheimsdrifta blir meir og meir knytt saman, og arbeidet med at dette skal bli ei felles teneste held fram.

Talet på langtidsopphald ved Vågåheimen siste 6 år:

Dato	Pasientar med langtidsopphald
26.08.2015	48
26.08.2016	40
26.08.2017	32
26.08.2018	33
26.08.2019	27
26.08.2020	27

Fokuset på velferdsteknologi og dei kvalitetane dette gjev til helsetenestane har gjort at vi no ser ei positiv utvikling og haldningsendring til denne teknologien. I tillegg til det regionale fellesprosjektet på området har vi frikjøp av ressursar frå heimetenesta for å setja fokus på desse mogleighetene. Vi opplev no at vi byrjar å få etablert fleire vel fungerande tilbod.

Omsorgstrappa som Helse- og omsorgsprosjektet tek utgangspunkt i, har fleire steg enn tidlegare tenestetilbod. Dette for at vi skal ha eit breiare tilrettelagt bu-tilbod for innbyggjarane. Å lykkast med tilrettelagte tilbod er eit viktig bidrag for at fleire skal klare seg meir på eigehand lengre. I tråd med tidlegare politiske vedtak blir det sett i gang ombygging av Moavegen bufellesskap til bufellesskap for eldre. Dette blir det første byggetrinn i Helse- og omsorgsprosjektet har forventa byggjestart i første halvår 2021.

### **3.4.3. Fleksibilitet og samhandling på tvers av tenestene**

Framskrivningane til Agenda Kaupang viser at nivå på tenester og kor mange som trengs dei ymse tenestane, vil variere over tid. I Helse- og omsorgsprosjektet blir det difor vektlagt at løysingane som blir vald gjer det mogleg å møte desse varierande behova. Ordet fleksibilitet står sterkt i utviklinga av prosjektet.

For å lykkast med planlagt utviklingsarbeid så er vi avhengig av heilsakapleg samhandling innan helse og meistring. Dette er no forsterka ved at dei merkantile ressursane arbeider meir og meir på tvers av tenesteområda. Det er og teke steg i retning av at tilsette i helsetenestene Vågå kommune kan

jobbe meir på tvers av tenestene der kompetanse tilseier at dette er mogleg. Gjennom dette vil dei tilsette få ein meir variert arbeidskvardag og vi vil oppleve kompetanseheving på tvers i organisasjonen. Dette fører i neste omgang til at organisasjonen blir meir robust og fleksibel.

Som ein del av å auke fleksibiliteten vil vi i 2021 investere i eit kjøretøy som berre krev førarkortklasse B, men som har kapasitet til å ta med seg fleire brukarar og hjelpemiddel. Med dette vil tenestene sjølv kunne sørge for å ivareta eigne transportbehov for sine brukarar, også til dagaktivitet, og ein blir heller ikkje så sårbar med tanke på kven som kan utføre nødvendig transport.

#### **3.4.4. Interkommunalt helsesamarbeid**

På grunn av koronapandemien vart ikkje A-fløya på Vågåheimen avvikla som vedteke i budsjett for 2020. Vi fekk behov for å nytte denne avdelinga til korttidsplassar og frigjorde korttidsavdelinga i underetasjen til interkommunal (6K) beredskapsavdeling for koronapasientar. Vi legg opp til at vi driftar avdelingane etter same prinsipp i store delar av 2021. På lang sikt er målet at hovuddelen av korttidsplassane skal vere drifta i samarbeid med Sel kommune ved Nord Gudbrandsdal lokalmedisinske senter Otta (NGLMS).

Vågå og Sel kommune har ei intensjonsavtale der ulike område for samarbeid er greidd ut. Arbeidet er lengst kome innan helse, med samarbeid kring korttidsplassar, felles tildelingskontor og felles institusjonslege med Sel kommune. Oppstart av felles korttidsavdeling ved NGLMS var planlagt i 2019, men er utsett som følgje av brannen ved Sel sjukeheim. Felles tildelingskontor for Sel og Vågå kommunar var tenkt starta i første halvdel av 2019, men er av ulike grunnar utsett. Vi ser for oss at tildeling blir gjort som før også i 2021.

Ein annan konsekvens av koronapandemien er at vi nå opplev til dels lange ventelister på våre fysioterapitester. Om vi ikkje ser ei endring i denne utviklinga, vil det vera nødvendig å vurdere tiltak for å auke kapasiteten rundt desse tenestane utover i 2021.

Kommunane i Nord-Gudbrandsdal har saman med Sykehuset Innlandet i 2020 oppretta FACT-team i regionen. Erfaringar frå andre delar av landet viser at FACT-team har god effekt ved at dei treff meir konkret på kvar enkelt brukar, og dei møter brukerane der dei er. Fact-teama er først og fremst tenkt for å hjelpe personar med samansette rus og psykiatri utfordringar.

### **3.5. Barnehage, utdanning og kultur**

Som ein konsekvens av den demografiske utviklinga, må ein sjå på moglege tiltak for å få til ei dreiling av tenestetilbodet frå barn og unge over på helse- og omsorgstenester. Samstundes må ein oppretthalde eit godt og variert tenestetilbod for innbyggjarane som er tilpassa heile livsløpet for å vere attraktiv som tilflyttings- og bustadkommune.

Noko vil kome av seg sjølv, da reduksjonen i barnetalet i åra framover vil føre til nedbemannning i barnehage og Barneskule på sikt. Samanlikna med skulestart 2019-2020, da det var 291 elevar på 1.-7. steg, var talet i 2020-2021 redusert til 271, og ved skulestart i august 2024 vil det vera ein reduksjon i elevtalet på 1.-7.-steget på ytterlegare 70 elevar. For ungdomsskulen sin del, vil ikkje dei reduserte barnetala slå inn før i 2026.

Det vart gjort vedtak i kommunestyret i desember 2017 at skulestrukturen i Vågå skulle opp som politisk sak på nytt i 2020. Det ligg føre fleire moglege løysingar, og ein vil difor søkje ekstern konsulentbistand for å få vurdert ulike alternativ i løpet av våren 2021 som kan leggast fram for politisk behandling.

Skulane i Vågå har dei siste åra hatt ein stor auke i spesialundervisningstimar samla sett i kommunen. Dette er ei utvikling korkje kommunedirektøren eller pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste (PPT) ønskjer. Vi vil i 2021 samarbeide enda tettare med PPT for å vidareutvikle arbeidet med å styrke delingstimar i skulane og gjennom det redusere spesialundervisning slik at dei fleste utfordringane kan løysast innafor ordinær undervisning.

Vågåmo skule fekk i fjor styrka rammene, men har fått redusert budsjettet sitt noko for 2021. Lønsressursar er overført til ungdomsskulen pga reduksjon i spesialpedagogiske tiltak i overgangen mellom barne- og ungdomsskulen.

Lalm skule har fått styrka budsjettet med 50% stillingsheimel for å styrke grunnbemanninga i tillegg til at 50% lærarressurs innan leserettleiing held fram i 2021.

Kulturskulen sitt budsjett er auka som følgje av implementering av ny kulturskuleplan. Det er inngått samarbeid med friviljuge lag og foreiningar på fleire område for å innfri målsettinga om at elevtalet innan korps og tradisjonsmusikk skal utgjere 55%. Kulturskulen har behov for fleire øvingsrom, og det er ønskeleg å ta i bruk 1. etasje i "tømmerhuset" for å få betre og meir permanente løysingar.

Det er etablert eit vellukka samarbeid mellom Galleri Ullinsvin, skulane, barnehagane og kulturskulen gjennom prosjektet "Kunst på programmet", finansiert av Sparebankstiftelsen DnB der barn og unge blir eksponert for kunst på ein ny og spennande måte i galleriet. Dette vil og halde fram og i 2021, truleg som et tilbod for barn og unge i heile regionen.

Det er lagt inn ei liten auke til lag og foreiningar for å imøtekome fleire søker frå lag og organisasjonar som gjer ein stor innsats i lokalsamfunnet. Det er også lagt inn ei auke i arrangementstøtte, jf. Vågå som arrangementsbygd.

Skuleskyss vil få ei auke som følgje av ny skyssordning i Innlandet fylkeskommune.

Det blir søkt om ulike offentlege og private tilskotsordningar for å finansiere noko av driftskostnadene i sektoren.

### **3.5.1. Førebyggjande arbeid blant barn og unge**

Barnehagane og skulane i Vågå avslutta i februar 2019 eit toårig prosjektarbeid om trygt og godt barnehage- og skolemiljø. Dei rutinane ein hadde fokus på i dette prosjektet blir no ein naturleg del av det daglege arbeidet i skule og barnehage. Målet er at alle barn og ungdommar i Vågå opplever at dei har eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø.

Vi vil følgje opp og forbetre arbeidet kring overgangar og sikre like rutinar. No når også barnehagane har fått sin paragraf om retten til eit trygt og godt miljø, vil vi sjå barnehage og skule meirunder eitt, og vi vil ha tettare samarbeid om dette framover. Vi ser også på nye måtar å sikre ein god overgang

frå barnehage til skule, m.a. er det å bruke tilsette frå barnehagen inn i 1. klasse i ein periode noko som blir vurdert.

Ungdomskonsulenten har ei viktig rolle i det førebyggande arbeidet blant barn og unge, og er m.a. ansvarleg for MOT-satsinga i Vågå og engasjert i prosjektet LOS for ungdom som slit med skulevegring.

For å sikre god og heile tida oppdatert informasjon til brukarane om §9a – retten til eit trygt og godt skolemiljø, vil vi vurdere ei digital løysing/nettside.

### **3.5.2. Flyktning som ressurs – fokus på godt integreringsarbeid**

Samfunnsoppdraget er at flyktningar og innvandrarar skal bli sosialt, økonomisk og kulturelt integrert. Vågå kommune er proaktiv med omsyn til mottak/integrering og for å få flyktningar ut i meiningsfull aktivitet. Vi har gjennom dei tre siste åra vore deltakarar i prosjektet "flyktning som ressurs". Dette prosjektet er nå avslutta og går inn i ordinær drift.

Integrering er ein kontinuerleg prosess og handlar om positivt samspel mellom innvandrarar, lokalsamfunn og offentleg sektor. For å løyse integreringsarbeidet best mogleg er vesentleg at det gode samarbeidet mellom flyktningkontoret, vaksenopplæringa og NAV held fram.

Hausten 2020 vart det ei intern flytting av ei 100% stilling frå vaksenopplæringa, og erstatta med ei 50% stilling som vart overført frå flyktningkontor til vaksenopplæringa.

### **3.5.3. Galleri Ullinsvin og «Munch — den nordlige rute»**

Galleri Ullinsvin opna offisielt i september 2019. Eit hovudfokus framover blir å vidareutvikle Ullinsvin som ein møteplass og galleri for både innbyggjarane i Vågå og besøkjande. Det er i planperioden lagt inn ein stillingsheimel på 100 % samla for Galleri Ullinsvin og Munch-prosjektet. Kulturkontoret vil bistå med personale og teknisk bistand under arrangement. I tillegg er det lagt inn noko driftstilskot for Galleri Ullinsvin og i profilering for Munch-prosjektet. Det blir søkt om ytterlegare privat og offentleg støtte for å sikre eit stabilt og godt økonomisk fundament.

#### **Ullinsvin**

Masterplanen for Ullinsvin vart vedteke i Vågå kommunestyre i 2017 og fylgt opp med eigen prosjektleiar i 3-årig stilling frå januar 2018, med 50 % medfinansiering frå Oppland fylkeskommune. 2020 vart fyrste ordinære driftsår for Ullinsvin drift AS, og sommarutstillingane vart svært godt motteke og besøkt, noko som la eit godt grunnlag for vidare drift. Hovudformålet for 2021 vil vere å arbeide vidare med å skape innhald i Ullinsvin som er i tråd med intensjonane i masterplanen og å få på plass ei berekraftig drift.

#### **Munch i Vågå**

Samarbeidsprosjektet Munch - Den nordlige rute er vidareført som hovudprosjekt med 3-årig økonomisk støtte frå Innovasjon Norge, regionråd og kommunar i hhv. Vågå og Løten. Fokus er å skape eit sterkare, meir profesjonelt og heilskapleg tilbod på Munch-reisa nord for Oslo. For 2021 vil det lokalt for Vågå vere fokus på vidareutvikling av lokale Munch-produkt med hovudfokus på Munch-stigen frå Sjodalen og ned i bygda, sterkare forankring hjå lokalt næringsliv og blant lokale barn og unge og vidareføring av den årlege Munch-dagen.

### **3.5.4. Frivillig innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet**

Det frivillige arbeidet i Vågå står sterkt. Frivilligentralen gjer ein formidabel jobb og det er mange eldsjeler som engasjerer seg i arbeidet. Vi har eit bra forsprang på mange kommunar og det er viktig at vi greier å engasjere både gamal og ung i dette arbeidet vidare framover.

Det frivillige arbeidet vil stå enda meir sentralt i framtida. Utfordringane framover vil i større grad handle om aksept for at dei frivillige i større grad går inn på arenaer som i dag er kommunale tenester. For å få til dette så handlar det om god dialog og godt samarbeid.

### **3.6.Tydeleg og rett informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar**

Informasjon om kommunen sine tenester skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. Kommunen sin heimeside skal vere lett å finne fram i. Alle einingane skal sjå til at informasjon om tenester, priser, skjema, telefonnummer og opningstider skal vere korrekt til ein kvar tid. Forventningane til dei kommunale tenestene er på fleire område høgare enn det som er mogleg å innfri. Tydeleg informasjon kan vere med på å justere forventningane.

Vi går vidare på den digitaliserte vegen, og Covid-19 har framskunda kravet til kompetanse i kommuneorganisasjonen. Vi vil og i 2021 nytte digitale media til å kommunisere med innbyggjarane våre. Digitalisering av tenester vil og auke sterkt og vil krevje god informasjon ut til innbyggjarane.

Kommunen ønskjer å styrke informasjonsarbeidet i forhold til reiselivet og turistar. Stadig fleire deltidsinnbyggjarar bruker meir tid i vår kommune, og kommunedirektøren ser dette som ein ressurs.

### **3.7.Breiband**

Kommunestyret vedtok i sak 12/19 at Vågå kommune skal ha 100 % dekning av høghastighets breiband innan 2024.

Vågå kommune har hatt ei aktiv rolle når det gjeld utvikling av breiband i regionen, og har vore koordinator for søknadsrunder til NKOM og Oppland fylkeskommune dei seinare åra. Vi har og gått tungt inn i enkeltprosjekt i eigen kommune. Det er usikkerheit kring vidare finansiering.

Vi har framleis ein del område i kommunen som har til dels svært dårlig dekning, og vi ser at desse områda ikkje er kommersielt attraktive å byggje ut. Dette inneber at vi framleis må søkje tilskot frå offentlege instansar, samt vere viljuge til å bidra med eigne midlar for å sikre ei utbygging i heile kommunen. Kommunedirektøren foreslår difor å avsetje nødvendige midlar i budsjettet for 2021.

Vågå kommune låner ut informasjonsmedarbeidar i 20 % til Regionrådet for å arbeidet med breibandsatsing i heile regionen.

### **3.8.Vågå kyrkjelege fellesråd**

Tilskotet til Vågå kyrkjelege fellesråd er auka noko for å ta høgde for prisvekst det siste året.

## **4. DEI TILSETTE , VÅR VIKTIGASTERESSURS**

Dei tilsette er vår viktigaste ressurs for at vi kan yte gode tenester til innbyggjarane våre og Vågå kommune er oppteke av at det skal vere kvalifisert personell i alle ledd. Våre tilsette skal oppleve at dei blir "høyrt" og involvert slik at dei har forståing for avgjerder som blir teke. Godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta er avgjande for å oppnå dette.

### **4.1.Rekruttere og behalde kompetanse**

Kommunen må arbeide med vidareutvikling av kompetanseplanen slik at den gir betre oversikt over kompetansebehov for dei ulike tenesteområda. Planen vil da kunne vere ein viktig og god reiskap i rekrutteringsarbeidet. Å vere aktiv i kampen om arbeidskraft vil bli meir og meir viktig. For å kunne behalde kompetente medarbeidarar (yngre og eldre) er det naudsynt med økonomiske midlar/tiltak til fagleg oppdatering og utvikling gjennom kurs og seminar, stipendordningar (til grunnutdanning og vidareutdanning). Utfordringa knytt opp mot rekruttering av kompetent arbeidskraft har synleggjort seg for alvor i Vågå kommune i 2020. Vi forventar og at desse utfordringane vil halde fram i 2021, og vi må tenke nytt med tanke på å sikre og rekruttere kompetent arbeidskraft til Vågå kommune framover. Ein viktig del av rekrutteringsarbeidet er å legge til rette for lærlingar, praksisplasser og fagbrev. Vågå kommune har i 2020 gjennomført leiarutvikling for tenesteleiarar og kommunalsjefar for å bygge samhald og "vi-kjensle", samt å auke leiarkompetansen og servicenivået i kommunen.

Å synleggjere kommunesektoren sitt mangfold av stillingar og interessante arbeidsoppgåver for eigne ungdommar blir viktig slik dei kan ta det med i vurdering av yrkesval og utdanning.

Kommunedirektøren meiner også at ein må arbeide målretta for heiltidskultur for å sikre og få tilført ny kompetanse inn i organisasjonen.

### **4.2.Likestilling**

Kvinner utgjer om lag 80 % av dei tilsette i kommunen, det er vidare langt fleire kvinner enn menn som har deltidsstillingar. I kommune-Norge inkludert Vågå, blir det arbeidd for å redusere uønskt deltid og få innarbeidd ein heiltidskultur. Det vil i Vågå kommune framleis vere eit mål å rekruttere fleire mannlege medarbeidarar i kvinnedominerte yrke. Gjennom Hovudtariffavtalen er det no også teke inn føring for den lokale lønspolitikken slik at den skal «utformes og virke slik at kvinner og menn likebehandles i vurdering av lønn og avansement for arbeid av lik verdi».

Kommunen ønskjer å vere open og inkluderande både i høve etnisitet og funksjonsnivå. Ved rekruttering skal minimum ein minoritetsspråkleg søker bli kalla inn til intervju dersom han/ho er kvalifisert for stillinga.

### **4.3.Fokus på nærværarbeid**

Vågå kommune har fokus på nærværarbeid og gruppa for nærværarbeid (samarbeid administrasjon og NAV arbeidslivssenter) held fram. Den vil vektlegge partssamarbeid mellom leiar, tillitsvald og verneombod og nærværarbeid skal vere tema på personalmøte.

Eit sentralt punkt i dette arbeidet er å gjere oss meir fleksible og flinke til å leggje til rette for arbeidstakarar som i ein tidsavgrensa periode har redusert arbeidsevne. Samarbeidet med fastlegane og «psykisk helse» må vidareutviklast og styrkast. Nærvarerbeid skal vere tema på personalmøte.

## 5. ØKONOMI

Vågå kommune la fram årsrekneskap både i 2017, 2018 og 2019 med eit mindreforbruk.

Mindreforbruket har i all hovudsak vorte sett av til disposisjonsfond. Mindreforbruket dei siste åra skuldast hovudsakleg auka skatteinntekter eller lågare pensjonsutgifter. Tenesteområda har i all hovudsak klart å halde vedtekne budsjetttrammer, og har ofte levert rekneskap i balanse.

Kommunedirektøren la i budsjettarbeidet for 2020 stort fokus på at tenesteområda skulle få så realistiske budsjett at desse kunne haldast. Fokuset på realistiske budsjetttrammer er vidareført inn i 2021.

Den økonomiske situasjonen for Vågå kommune har vore utfordrande dei siste åra. Kraftinntektene har vorte reduserte, samtidig med at overføringane frå staten har gått ned. Kommunedirektøren har hatt fokus på å ta nødvendige grep slik at kommunen ligg i forkant av utvikling i demografi og statlege føringar. Kommunedirektøren har og fokus på gevinstrealisering, der utviklingsarbeid, regionalt samarbeid og digitalisering er prioriterte område.

I budsjettet for 2021 har Vågå kommune hatt ein vekst i statlege overføringar. Utbygging av kraftverk i Nedre Otta vil for budsjettåret 2021 generere auka eigedomsskatteinntekter. Pensjonssatsen er for budsjettåret 2021 lågare enn tidlegare år, mykje grunna lønsoppgeret i 2020 og ny pensjonsordning.

Samla sett er den økonomiske situasjonen for Vågå kommune stabilt god. Kommunestyret har dei siste åra vedteke å avsetje midlar til frie fond, som gjer at kommunen har reserver til å takle økonomiske svingingar. I økonomiplanperioden ligg det inne store investeringar som på stutt sikt vil gje ein "pukkeeffekt", men som på lengre sikt vil gje både tilsette og innbyggjarar eit betre tenestetilbod.

### 5.1. Handlingsreglar for Vågå kommune

I økonomiplanen for 2017—2020, vart handlingsreglar for økonomistyringa i Vågå kommune formulert om, og er no slik:

1. Korrigert netto driftsresultat skal årleg budsjetterast til minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.
3. Lånegjeld, med frådrag av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81 % av brutto driftsinntekter.

Kommunestyret vedtok i sak 44/20 at Vågå kommune heile tida skal nærme seg vedtekne handlingsreglar. Målet er å oppfylle dei innan 2023.

## 5.2.Oversikt over netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond

Netto driftsresultat er eit av dei viktigaste måltala for kommunal økonomi. Det viser forholdet mellom inntekter og kostnadar, og med dette korleis drifta i kommunen går i balanse. Talet blir reelt når ein tek bort tal som ikkje representerer reelle inntekter. I tillegg må ein ta omsyn til premieavvik frå pensjonar, samt bruk og avsetjing til bundne fond. Det ein da står att med er korrigert netto driftsresultat.

	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Ø.plan 2021	Ø.plan 2022	Ø.plan 2023	Ø.plan 2024
Netto driftsresultat	-886	2 353	-12 466	-11 546	-8 834	-8 894	-9 144
Premieavvik	5 590	8 436	14 457	10 033	10 033	10 033	10 033
Attendeført premieavvik	-3 024	-3 808	-4 669	-5 231	-5 231	-5 231	-5 231
Avsetning til bundne fond	3 062	3 032					
Bruk av bundne fond	-6 410	-12 179					
Netto avsetning eller bruk av bundne fond			443	1 076	1 076	1 076	1 076
Korrigert netto driftsresultat	-1 668	-2 166	-2 235	-5 668	-2 956	-3 016	-3 266
Brutto driftsinntekter	-345 539	-350 785	-348 986	-354 272	-354 272	-354 272	-354 272
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,3 %	-0,7 %	3,6 %	3,3 %	2,5 %	2,5 %	2,6 %
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,5 %	0,6 %	0,6 %	1,6 %	0,8 %	0,9 %	0,9 %

## 5.3.Netto driftsresultat — auka handlefridom

Vedteke handlingsregel i Vågå kommune seier at vi skal budsjettere med eit netto driftsresultat som svarar til 1,75 prosent av driftsinntektene. For Vågå vil dette seie at netto driftsresultat bør vere ca. 6 millionar kroner. Gjennom denne økonomiplanen vil netto driftsresultat vere positivt, og ligge nær opp mot tilrådd nivå. Gjennom fondsavsettingar vil kommunen bygge opp ein økonomisk buffer som kan møte framtidige uføresette behov, premieavvik eller nyttast som eigenandel i investeringsprosjekt, samstundes som det er med på å sikre kommunen mot ei renteauke.

I 2021 er det i kommunedirektøren sitt forslag avsett følgjande til disposisjonsfond:

Disposisjonsfond næring – frie midlar	475
Disposisjonsfond næring – KS 101/14 5% utbytte Eidefoss	200
Kulturbasert næring	75
Bilfond	396
Avkastning utviklingsfond	100
Eigenandel tippemidlar	250
KS 44/20 – Utbytte Eidefoss	1 000
Fiber	2 150
Disponibelt i budsjettet	732
<b>Sum avsett til disposisjonsfond</b>	<b>5 378</b>

## 5.4.Rekneskapsføring av pensjon

Summen av medlemsinnskot (arbeidstakar sin del) og den delen arbeidsgjevar skal betale av lønsutbetalingane svarar til den totale pensjonspremien som kommunen betaler til pensjonsforsikringsselskapa for det aktuelle året.

I driftsrekneskapen blir det imidlertid utgiftsført det beløpet som pensjonsforsikringsselskapa reknar ut (ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering) som årets pensjonskostnad for Vågå kommune. Skilnaden mellom betalt pensjonspremie og utrekna

pensjonskostnad blir kalla **premieavvik** og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen og i balansen.

Etter reglar i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar, er det gjeve moglegheit til at forskjellen mellom innbetalt premie og utrekna kostnad — i perioden 2003 til 2010 — skal kunne førast i rekneskapen over dei neste 15 åra. Frå og med 2011 er regelen endra slik at premieavvik som oppstår frå og med 2011 kan førast i rekneskapen over dei neste 10 åra. Frå 2015 skal premieavvik rekneskapsførast over 7 år.

For Vågå kommune har vi gjennom dei åra vi har hatt denne ordninga betalt meir i premie enn kva som har vore utrekna som pensjonskostnad. Pr. 31.12.19 er skilnaden mellom innbetalt premie og utgiftsført pensjonskostnad på kr 23,4 mill. På grunn av at det er den berekna kostnaden, og ikkje det vi faktisk har betalt som blir ført i rekneskapen, har dette over år gjeve eit positivt premieavvik. Eit positivt premieavvik blir inntektsført i driftsrekneskapen det året premieavviket oppstår, og ført i balansen som ”fordring” på pensjonsordninga. I dei etterfølgjande hhv. 15, 10 og 7 åra må akkumulert premieavvik kostnadsførast i driftsrekneskapen.

#### 5.4.1. Rekneskapsføring av pensjon SPK

År	Premieavvik	Attendeført	Attståande
2015	433	287	-1 603
2016	215	225	-1 162
2017	-109	196	-1 075
2018	-406	196	-1 284
2019	358	282	-644

#### 5.4.2. Rekneskapsføring av pensjon KLP

År	Premieavvik	Attendeført	Attståande
2015	-1 426	-2 891	16 667
2016	2 587	-2 687	16 567
2017	2 785	-3 057	16 294
2018	5 647	-3 039	18 903
2019	7 571	-3 861	22 613

Vågå kommune bør ha eit disposisjonsfond pensjon som er like stort som netto premieavvik.

Tabellen under syner status pr. 31.10.2020:


Netto framtidig forplikting premieavvik (inkludert arb.g.avg)	23 373
Disposisjonsfond pensjon pr. 31.10.2020	22 873

#### 5.5.Lånegjeld

	Vågå 2019	Oppland 2019	Norge 2019
Netto lånegjeld pr. innbyggjar *	76 471	82 241	80 939


\* SSB/KOSTRA: A1. Konsern — Finansielle nøkkeltal og adm., styring og fellesutg

## Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)



### Simulert lånegjeld etter økonomiplanperioden 2021-2024

Investeringsoversikta i kapittel 4 syner fleire tyngre investeringar i økonomiplanperioden, til dømes Helse- og omsorgsprosjektet og symjehall. Etter kommunedirektørens forslag til investeringar i økonomiplanperioden, vil netto lånegjeld pr. innbyggjar bli som følgjer (med dagens folketal):



Når Vågåheimen står ferdig i 2025 vil kommunen få utbetalt kr. 53 mill. i Husbanktilskot, dette vil redusere lånegjelda pr. innbyggjar med kr 19.000. Netto lånegjeld pr. innbyggjar vil da være kring kr. 95.000 etter at alle investeringar i økonomiplan 2021-2024 er gjennomført.

## 6. DRIFTSBUDSJETT

### 6.1. Frie inntekter

2021	2022	2023	2024
-254 513	-253 873	-253 873	-253 873

### 6.2. Netto driftsrammer i økonomiplanperioden

Bevilgningsoversikt drift (tidligere budsjett skjema 1B)	2021	2022	2023	2024
Stab/støtte	16 265	15 853	16 033	16 163
Fellestenester	9 204	9 204	9 204	9 204
Næring	1 804	1 804	1 779	1 779
Tildelingskontor	1 510	1 510	1 510	1 510
Innkjøpskontor	417	417	417	417
NAV	3 614	3 614	3 614	3 614
<b>Ramme kommunedirektør</b>	<b>32 814</b>	<b>32 402</b>	<b>32 557</b>	<b>32 687</b>
Kultur	8 910	8 732	8 862	8 732
Barnehage og grunnskulens fellesskap	12 861	12 861	12 861	12 861
Lalm barnehage	3 010	3 010	3 010	3 010
Søre Grindstugu barnehage	8 608	8 608	8 608	8 608
Lalm skule	5 702	5 702	5 702	5 702
Vågåmo skule	22 192	22 192	22 192	22 192
Vågå ungdomsskule	15 941	15 941	15 941	15 941
<b>Ramme kommunalsjef barnehage, utdanning og kultur</b>	<b>77 224</b>	<b>77 046</b>	<b>77 176</b>	<b>77 046</b>
Sjukeheim og heimetenester	59 272	59 272	59 272	59 272
Miljøterapitenesta	24 873	24 873	24 873	24 873
Helse og rehabilitering	12 664	12 664	12 664	12 664
<b>Kommunalsjef helse og meistring</b>	<b>96 809</b>	<b>96 809</b>	<b>96 809</b>	<b>96 809</b>
Tekniske tenester	27 420	27 370	27 085	27 085
Landbrukskontor	2 347	2 347	2 347	2 347
Beredskap	100	100	100	100
<b>Kommunalsjef teknisk og beredskap</b>	<b>29 867</b>	<b>29 817</b>	<b>29 532</b>	<b>29 532</b>
<b>Interkommunale samarbeid</b>	<b>17 799</b>	<b>17 799</b>	<b>17 799</b>	<b>17 799</b>
<b>Sum tenesteområder</b>	<b>254 513</b>	<b>253 873</b>	<b>253 873</b>	<b>253 873</b>
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>8 890</b>	<b>9 530</b>	<b>9 530</b>	<b>9 530</b>
Sum netto driftsramme	263 403	263 403	263 403	263 403

## 7. INVESTERINGSBUDSJETT

### 7.1. Investeringer i økonomiplanperioden

Investeringsbudsjett	2021	2022	2023	2024
<b>Prosjekt netto kostnad:</b>				
<b>Kommunedirektør</b>				
Regiondata	358			
Nytt IT utstyr kommunehuset			100	350
Velferdsteknologi	500	500	500	500
<b>Kultur, barnehage og utdanning</b>				
IKT-investeringar grunnskule	500	500	500	500
<b>Teknisk og beredskap</b>				
Prosjekt helse og omsorg - Vågåheimen	10 500	49 980	53 100	18 533
Moavegen	9 500	-1 465		
ENØK og ventilasjon Kommunehuset	400	3 700		
ENØK Vågå ungdomsskule			1 200	600
ENØK Lalm skule og barnehage			325	150
ENØK Dagsenter i Sjårdalen			220	240
Kommunale vegar	500	1 000	1 000	
Rehabilitering symjehall og ENØK tiltak kulturhuset	20 515	7 500		
Ombygging NAV-kontor kommunehuset	4 000			
Asfaltering P-plass kommunehuset	200			
Modernisering av heis kommunehuset	700			
Sentrumstiltak - utviding av torgplass				200
Bustadprosjekt Grindstugulego		550	4 700	4 900
Kommunale utleigebyg - oppgradering	250	250	250	250
Gjendegarden - toalett		230		
Finnutnet - tiltak, oppvarming (utskifting av varmepumpe)	300			
Aktivitetshuset		1 775		
Leirbakken 13 - riving				400
Eksismoen - Påbygg møterom/personalrom			750	
Søre Grindstugu - nytt leikeapparat	300			
Vaktbil brann				710
Overflatedredning brann				130
Nye bilar heimetenesta, 2 stk	450			
Bil, 7-seter	600			
Utvendig sprinkling Vågåkyrkja	1 350			
<b>Sjølvkostinvesteringar:</b>				
Tiltaksplan VA Vågåmo (sjølvkost), Øvre Langskåre samt mindre tiltak sentrum	3 500	2 000	3 500	
Utskifting av bil, VA sektoren	350			
Asfaltering og ombygging av miljøstasjonen	2 000			
Oppmålingsutstyr	300			
Utviding Randsverk/Lemonsjøen avlaupslaguner			1 500	
Forprosjekt Lalm vassverk	400			
Inntakssump Vågå renseanlegg	200			
<b>Andre investeringar</b>				
Eigenkapitalinnskot KLP	1 040	1 120	1 120	1 120
Nye formidlingslån	4 000	4 000	4 000	4 000
Avdrag formidlingslån	2 150	2 150	2 150	2 150
<b>Sum kommune</b>	<b>66 638</b>	<b>74 265</b>	<b>73 905</b>	<b>33 493</b>

## 7.2.Finansiering av investeringane

FINANSIERING I PLANPERIODEN:	2 021	2 022	2 023	2 024
Bruk av investeringslån	-52 248	-63 495	-63 135	-26 223
Bruk av investeringslån (sjølvkost)	-6 750	-3 500	-3 500	0
Bruk av startlån (vidareutlån)	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Overført fra driftsbudsjettet	-1 040	-1 120	-1 120	-1 120
Bruk av disposisjonsfond	-450			
Bruk av ubundne investeringsfond				
Mottekne avdrag utlån	-2 150	-2 150	-2 150	-2 150
<b>Sum finansiering</b>	<b>-66 638</b>	<b>-74 265</b>	<b>-73 905</b>	<b>-33 493</b>

## 7.3.Kommentarar til investeringsbudsjettet

Kommunedirektøren gjer merksam på at investeringsramane for 2021-2024 er presentert netto. Det vil si at rammene ovanfor er etter fråtrekk for momskompensasjon og andre eksterne midlar (til dømes Enova tilskot). Tidlegare år har rammene vore presentert brutto.

### Regiondata (2021)

Hovudtyngda av investeringar for 2021 er knytt til oppgraderinger og modernisering av sentrale servere og programvare. Det er og avsett mindre løyvingar til e-Adminløysing og Visma Velferd DigiSos Innsyn (NAV). Til slutt er det avsett midlar til å innføre elektronisk arkiv for Visma Velferd, Flyktning og Vaksenopplæring som har berre papirbaserte arkiv pr. i dag. Auka lisensar til Office 365 er lagt inn i budsjettet for 2021. Skybaserte løysingar vil bli meir aktuelt framover, men er ikkje kostnadsrekna utover 2021.

### Nytt IT utstyr kommunehuset (2023 og 2024)

Etter kommunevalet i 2023 vil nettrettet til politikarane være 6 år og truleg i sluttfasa med tanke på støtte frå Apple. Nytt sett med 30-40 nettrett er lagt inn i investeringsbudsjettet. I 2024 vil det være behov for å bytte ut om lag 40 stasjonære og 15 berbare PC'ar som vart innkjøpt i 2015.

### Velferdsteknologi (årleg)

I forbindelse med den regionale satsinga kring velferdsteknologi er det i budsjett 2021 og økonomiplanperioden lagt inn kr. 0,5 mill. årleg til føremålet.

### IKT i skulen (2021)

Satsing på IKT i skulen har halde fram i mange år. Kommunen har bygd ut både infrastruktur og oppgradert maskinpark. Kommunedirektøren vurderer det dit hen at denne satsinga må halde fram for å sikre at elevane har digital kompetanse og naudsynt IKT-utstyr i undervisninga. Hovuddelen av investeringa i 2021 er planlagt til nye elev-PC'ar, lærar PC'ar og nettrett ved Vågåmo og Lalm skule.

### Prosjekt helse og omsorg - Vågåheimen (2021, 2022, 2023 og 2024)

I tråd med tidlegare politiske vedtak blir det sett i gang ombygging av Moavegen bufellesskap til bufellesskap for eldre. Dette blir det fyrste byggetrinnet i Helse- og omsorgsprosjektet og har forventa byggestart i fyrste halvår 2021. Heile helse- og omsorgsprosjektet, med eit nybygg for 16 HDO-bustader og ombygging/ rehabilitering av eksisterande bygningsmasse på Vågåheimen, er planlagt gjennomført frå 2021 til 2024. Prosjektet er oppdelt i fleire byggetrinn der det er tal på tilgjengelege rom for bebuarar som i hovudsak er styrande for framdrifta. Kostnadene er fordelt årleg etter denne framdriftsplanen. Tilskot frå Husbanken blir utbetalt når heile prosjektet er ferdig, dette

er difor lagt inn i 2025. For prosjektet i Moavegen er det søkt om og innvilga Enova-tilskot. Tilsvarande søknad vil bli sendt for Vågåheimen når planane der er klare.

Finansutgifter kring prosjektet er i økonomiplanen lagt inn med heilårsverknad i 2022. Låneopptak for dei siste åra er ikkje lagt inn. Årsaka er at det er for mange usikre faktorar. Tala blir lagt inn i planane ved utarbeidninga av budsjett 2022. Ei grov oversikt, med det vi veit i dag, syner at dette vil auke finanskostnadene med kr 3 mill før vi har rekna inntekter knytt opp mot omstillinga. Vågå kommune må forskottere heile låneopptaket da tilskot frå Husbanken ikkje kjem før ferdigstilling.

#### **ENØK og ventilasjon Kommunehuset (2021 og 2022)**

Dei to aggregata på Kommunehuset er frå 1984 og er over teknisk levetid. Det er i dag kjent at fire kontor har luftutskifting under minstekrav, og to av dei er stengt grunna dette. Det blir tilrådd at ventilasjonsanlegget blir kartlagt i 2021, og at konkurransegrunnlag blir utarbeid. Vidare blir anbodskonkurranse og gjennomføring gjort i 2022.

#### **ENØK Vågå ungdomsskule (2023 og 2024)**

ENØK-prosjektet ved Vågå ungdomsskule vart i økonomiplan for 2020-2023 vedteke med løyving i 2021, 2022 og 2023. Tiltaket er skyvd fram i tid slik at prosjektet blir starta opp i 2023. Prosjektet omfattar konvertering til vassbåren varme og utskifting til LED-belysning. Det blir søkt Enova-tilskot til tiltaket.

#### **ENØK Lalm skule og barnehage (2023 og 2024)**

ENØK-prosjektet ved Lalm skule og barnehage vart i økonomiplan for 2020-2023 vedteke med løyving i 2021, 2022 og 2023. Tiltaket er skyvd fram i tid slik at prosjektet blir starta opp i 2023. Dette med bakgrunn mellom anna i utgreiing av framtidig skulestruktur. Prosjektet omfattar oppgradering av varmeanlegg og utskifting til LED belysning. Det blir søkt Enova-tilskot til tiltaket.

#### **ENØK dagsenteret i Sjårdalen (2023 og 2024)**

ENØK-prosjektet ved dagsenteret i Sjårdalen vart i økonomiplan for 2020-2023 vedteke med løyving i 2021 og 2023. Tiltaket er skyvd fram i tid slik at prosjektet blir starta opp i 2023. Oppgraderinga må sjåast i samanheng med Helse- og omsorgsprosjektet. Prosjektet omfattar oppgradering av energioppfølgingssystem. Det blir søkt Enova om tilskot til tiltaket.

#### **Oppgradering kommunale vegar (2021, 2022, 2023)**

Tiltak for å oppgradere det kommunale vegnettet til nivået vedteke i hovudplan veg, samt naudsynt oppgradering av mellom anna Tessa bru. Det er ingen store planlagde oppgraderinger i 2021.

#### **Symjehall ENØK kulturhuset / Vågåhallen (2021 og 2022)**

ENØK-prosjektet for Kulturhuset og Vågåhallen vart i økonomiplan for 2020-2023 vedteke med ei løyving på om lag kr 3,1 mill i 2021 og kr 0,5 mill i 2022. Det opprinnelige tiltaket blir nå sett i samanheng med oppgradering av symjehallen. Det er søkt støtte frå Enova på kr 1,95 mill for Enøk-tiltak og rehabilitering av symjehallen.

Rehabilitering av symjehallen er lagt inn med oppstart i 2021 og fullføring i 2022. Arbeid med å rive den gamle betongen og kartlegge tilstanden på eksisterande bygg vil bli ferdig tidleg i 2021, i tråd med tidlegare vedtak. Etter dette er grunnlaget der for å vurdere korleis rehabiliteringa av eksisterande bygg kan gjennomførast. Det er i kostnadsvurderingane lagt inn å bygge basseng på 8,5x12,5 meter som er same størrelsen som det tidlegare bassenget, og å bruke opp att

garderobane. Det er lagt inn ein sum i budsjettet for tiltak som for eksempel eit mindre velværebasseng (bubblebad) og/eller ei sklie. Eit slik prosjekt vil ha rett på ca. kr 4,0 mill i spelemidlar, men med fråtrekk på kr 1,0 mill for gjenbruk av garderobar. Desse midla vil det ta nokre år å få løyst ut og er ikkje inne i budsjettet før i 2025.

#### **Ombygging av NAV kontor kommunehuset (2021)**

NAV Vågå og NAV kontroll har ønske om samlokalisering til ei felles løysing. Arealbehovet er ca. 300 m<sup>2</sup>. Planen er å bygge om arealet som NAV Vågå har i dag og gjere dette til eit meir arealeffektivt kontormiljø slik at det blir plass til de 16 tilsette som er på desse avdelingane i dag. NAV har ein detaljert kravspesifikasjon som må følgjast, det betyr at det meste av tekniske anlegg, deleveggar og overflater må fornyast. Før arbeidet blir sett i gang vil det bli inngått husleigeavtale der kostnader med ombygginga blir dekt inn. Leidgetakar skal også betale sin del av vedlikehald på bygg og uteareal samt del for bruk av fellesareal som inngangsparti, servicetorg, kantine osb.

#### **Asfaltering av parkeringsplass ved kommunehuset (2021)**

Asfalten på parkeringsplassen er full av sprekker og sår, og det manglar asfalt på delar av plassen etter gravearbeid. AS Eidefoss vil dekkje halvparten av kostnaden, og det er Vågå kommune sin del som er synleggjort i netto ramme. Kommunedirektøren er klar over at kommunestyret tok ut dette forslaget i førre periode, men vi ser det hensiktsmessig at dette tiltaket blir gjennomført når andre aktørar kan bidra til spleislag.

#### **Oppgradering av heis kommunehuset (2021)**

Heisen er frå 1984, og på grunn av alderen er det nå vanskeleg å skaffe deler. Heisen har hatt fleire driftsstopp og det har vore årlege reperasjoner dei siste åra.

#### **Sentrumstiltak – utviding av torgplass (2024)**

Det blir foreslått å flytte plakattavla ved kommunehuset 4-5 meter bakover for å utvide tilgjengeleg areal til torgplass. Dette for å hindre unødvendige konfliktar.

#### **Bustadprosjekt Grindstugulego (2022, 2023 og 2024)**

Følgjande framdriftsplan blir lagt til grunn for prosjektet:

2022: Innløysing av festetomter, areal planlegging og prosjektering

2023: Riving av eitt bygg. Oppføring av to bustader (1x65m<sup>2</sup>, 1x85m<sup>2</sup>)

2024: Riving av eitt bygg. Oppføring av to bustader (1x65m<sup>2</sup>, 1x85m<sup>2</sup>)

I samband med bygging av nye sentrumsnære bustader bør det vurderast sal av kommunale bustader utanfor sentrum. Dette må sjåast i samanheng med bustadsosial plan.

#### **Oppgradering av kommunale utlegebustader (årleg)**

Midlar til tiltak som kan klassifiserast som standardheving, til dømes utskifting av vindauge, dører, tak osb. Tiltaket blir lagt fram for å heve standarden på dei kommunale utlegebustadane.

#### **Toalettløysing Gjendegarden (2022)**

Det blir tilrådd å installere to forbrenningstoalett på Gjendegarden. Hyttene er lite brukt og gjennom å få inn ei løysing med forbrenningstoalett håper kommunedirektøren at Gjendegarden blir meir attraktiv. Dagens løysing med utedoar er også ei därleg løysing med tanke på miljø. Utedoane må tømast kvart år, for deretter å bli frakta i båt til reinseanlegget.

### **Finntunet – utskifting av varmepumpe (2021)**

Med bakgrunn i at dagens luft/vatn varmepumpe og gasskjelje ikkje fungerer under -6 grader, blir det tilrådd å skifte ut varmepumpa med ny teknologi og større kapasitet.

### **Aktivitetshuset (2021)**

Prosjektet omfattar naudsynte tiltak for å bruke huset i 10 år framover, mellom anna utskifting av vindauge og ny utvendig kledning. Det er søkt eksterne midlar til oppgraderinga.

### **Nytt leikeapparat – Søre Grindstugu (2021)**

Etter tilsyn er det meldt om at leiekapparatet i Søre Grindstugu må takast ned på grunn av råte. Leikeapparatet er nær 30 år gammalt. Tiltaket omfattar riving av gammalt leikeapparat, og installering av eit nytt.

### **Riving av kommunale utleigebustad – Leirbakken 13 (2023)**

Utleigebustaden blir foreslått rive, da den ligg i eit svært utsatt rasområde (raudt). I tillegg er den generelle standarden dårleg. Kommunedirektøren ser det ikkje som naturleg å selje ein bustad som ikkje kan nyttast.

### **Eksismoen – påbygg møte/personalrom (2022)**

Etter innspel frå tilsette er det meldt om behov for møte- og personalrom. Kommunedirektøren deler dei tilsette si oppfatning, da det ikkje er mogleg å ha møter utan å bli forstyrra. Prosjektet er basert på eit kostnadsoverslag frå ekstern konsulent.

### **Vaktbil brann (2023)**

Noverande vaktbil skal snarleg inn til vurdering hos leverandør. Det er feilsøking etter noe som kan vere problem i drivverket, evt. også girkasse, på bilen. Førebels er vi innafor garantitida på bilen (går ut til våren), så denne reparasjonen bør gå greitt slik sett. Eine feiarbilen er godkjent som utrykkingskjøretøy, som erstatning medan vaktbil skal inn på verkstad. Eit anna moment er at gjeldande vaktbil ikkje er eigna for køyring etter fjell- og traktorvegar, eller andre stader med behov for å komme ut i ulendt terrelleng.

Det vil og vere slik at slokkeanlegg og anna utstyr som blir installert på bilen, vil flyttast vidare på ny bil når det blir aktuelt, slik at neste bilskift vil bli billigare enn det fyrste.

### **Overflatedredning brann (2023)**

Vågå kommune har fått eit pristilbod på ei pakke med grunnleggjande utstyr for redning i vatn. Mannskapet har i 2020 gjennomført eit nettbasert teorikurs i overflatedredning, noko som må supplerast med ytterlegare praktisk øving.

### **To nye bilar heimetenesta (2021)**

Bil 1: Heimesjukepleia har ein bil for lite i forhold til auka behov for bistand i heimen og opplev at dei må vente med oppdrag fordi dei må vente på ledig bil.

Bil 2: Heimetenesta (heimehjelp) har stor slitasje på private bilar og det ligg ein kostnad knytt til kjøregodtgjersle for desse oppdraga. Det vil være meir formålstenleg å få tak i ein brukst to-seter som kan brukast til dette formålet.

Prosjektet blir dekt av reinvesteringsfond bilar (disposisjonsfond).

### **7-setar helse og meistring (2021)**

Bil med plass til minimum 7 personar, og varerom som kan romme rullestol og/eller rullator. Bilen skal nyttast som transportmiddel for dagaktivitetar og skal kunne bli ført av personar med førarkort klasse B.

### **Utvendig sprinkling og kameraovervaking Vågåkyrkja (2021)**

Tiltaket har ei samla kostnadsramme på kr. 3 mill., der det blir søkt Vågå kommune om kr 1,35 mill. Kommuneloven legg til rette for at kommunen kan lånefinansiere og gjennomføre investeringsprosjekt på kyrkjer. Kommunedirektøren har vektlagt viktigheten av å sikre Vågå kyrkja.

### **Tiltaksplan VA Vågåmo sentrum (sjølvkost) (2021, 2022 og 2023)**

For 2021 gjelder prosjektet sanering av vatn, avløp og overvatn i Øvre Langskåre. Dette er ei vidareføring av arbeidet som er utført i Nedre Langskåre.

### **Utskifting av bil – VA sektoren (sjølvkost) (2021)**

VA sektoren har i dag to bilar disponibele. Den eine vart bytta i 2020, medan den andre er ein 2003 mod. Volkswagen Caravelle. Verdien og tilstanden på bilen tilseier att det ikkje er lønsamt å kosta på større reparasjonar. I vedteken økonomiplan for 2020-2023 låg bilkjøpet inne i 2022.

### **Asfaltering og ombygging av miljøstasjonen (sjølvkost) (2021)**

Prosjektet ligg inne i vedteken økonomiplan, men rama er auka frå kr 1,3 mill til kr 2 mill. Dette med bakgrunn i at det etter tilsyn frå Fylkesmannen i Innlandet er stilt krav til meir innandørs areal til lagring av diverse avfallstyper. Vidare omfattar tiltaket fast dekke på planert areal mot sør (tidlegare slamdeponi), fordi NGR må ha meir areal for lagring av retur-tre og hageavfall.

### **Oppmålingsutstyr (sjølvkost) (2021)**

Det er behov for å oppdatere oppmålingsutstyret til eit meir moderne og effektivt utstyr. I dei aller fleste oppmålingsforretningane er det utfordrande terrenget, med trær og tett vegetasjon som skaper problem med målearbeidet. Det betyr at det går med lang tid på å få gode nok målingar med dagens utstyr, noko som ikkje er kostnadseffektivt.

### **Utviding Randsverk/Lemonsjøen - avlaupslaguner (sjølvkost) (2022)**

Anlegget ligg tett opp til det ein har løyve til med dagens utsleppsmengder. Anlegget må utvidast for å handtere framtidig godkjent plan for området.

### **Forprosjekt Lalm vassverk (sjølvkost) (2021)**

Vidareføring av eksisterande forprosjekt på Lalm vassverk. Rapport angåande lokalisering og utføring er ferdig. Prosjektet skal i 2021 ta for seg kostnader og tidsperspektiv knytt til investeringa.

### **Inntakssump Vågå reinseanlegg (sjølvkost) (2021)**

Tiltaket omfattar installasjon av eit nytt spylerørsystem i inntakssumpen. Eksisterande løysing er ikkje tilfredsstillande, da inntaket tettar seg med slam, og ein er avhengig av at inntaket blir reinska og opna med handmakt. Med tanke på HMS og arbeidsmiljø så er dette heilt nødvendig å få på plass. Arbeidet medfører risiko da det kan oppstå farlege gassar i inntaket.

### **Formidlingslån (årleg)**

Det blir tilrådd å halde formidlingslån (startlån) på eksisterande nivå, med kr 4 mill årleg.

## **8. EIGEDOMSSKATT**

Vågå kommune utvida frå og med 01.01.2014 egedomsskatten til å gjelde heile kommunen, der det tidlegare berre var kravd egedomsskatt for bustader i sentrumsområdet (Vågåmo). Dei seinare åra har promillesatsen vore 4,3 promille av egedomsskattegrunnlaget, med eit botnfrådrag på 100.000.

I KS 38/18 vart det vedteke at det i 2019 skulle gjennomførast ei alminneleg omtaksering av egedomsskatten med bakgrunn i at det var 10 år sidan sist, jf. egedomsskattelova § 8A-3. Nytt egedomsskattegrunnlag var gjeldande frå og med 01.01.2020. Nye takstgrunnlag har i 2020 vore fakturert med 4 %.

Det blir tilrådd at promillen blir vidareført med 4 %, med ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 % for bustadhus og fritidseigedommar. Den generelle skattesatsen blir vidareført med 7 %.

Egedomsskattegrunnlag for kraftverk er fastsett av staten. Dei endelige listene med egedomsskattegrunnlag for kraftverk ligg ikkje føre på budsjetteringstidspunktet.

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Inntekter frå egedomsskatt	13 671	13 953	16 900	22 200	22 700

## **9. NÆRINGS- OG LANDBRUKSFOND**

Vågå kommune hadde fram til august 2020 leigeavtale med Skåppå, som handterte fyrstelinetenesta i kommunen. Denne avtale er nå avslutta, og næringskonsulenten er attende i 80 % stilling i Vågå kommune. Vågå ser at samarbeidet med Skåppå har vore nyttig for begge partar og har underskrevet ei partnerskapsavtale i planperioden.

